

MUSEA I SOGN OG FJORDANE

PROTOKOLL FRA RÅDSMØTET I STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE

Stad: Fylkeshuset - Leikanger
Dato: Onsdag 10. juni 2015
Tid: 10:30 - 13:30
Deltakarar: Sjå vedlagte liste over rådsmedlemmar med fleire

Rådsordførar Åshild Johanne Høivik Kjelsnes ønske møtedeltakarane velkomne og starta møtet med opprop.

SAK 1/2015 Godkjenning av innkalling

Vedtak:
Innkalling vert godkjent.
Samrøystes

SAK 2/2015 Godkjenning av saklista

Vedtak:
Saklista vert godkjent med kommentarar og innspel frå rådsmøtet
Samrøystes

SAK 3/2015 Konstituering:

Val av møteiar:
Rådsleiar Åshild Johanne Høivik Kjelsnes vart vald

Val av sekretær:
Anne-Marie Førde vart vald

Val av to personar til å skrive under møteboka:
Margunn Masdal og Jarle Aarvoll vart vald

SAK 4/2015 Godkjenning av årsmelding 2014

Vedtak:
Framlagt årsmelding for 2014 vert tatt til vitande med kommentarar og innspel frå rådsmøtet
Samrøystes

MUSEA I SOGN OG FJORDANE

SAK 5/2015 Godkjenning av rekneskap 2014

Vedtak:

Framlagt rekneskap for 2014 og revisjonsmelding vert tatt til vitande med kommentarar og innspel frå rådsmøtet

Samrøystes

SAK 6/2015 Budsjett 2015

Vedtak:

Framlagt budsjett for 2015 vert tatt til vitande med kommentarar og innspel frå rådsmøtet

Samrøystes

SAK 7/2015 Godtgjering til styret

I flg. § 7 i vedtektene for Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane skal rådet fastsette godtgjering til styret i stiftinga.

Valkomiteen legg fram følgjande samrøystes tilråding:

1) Modell

Styreleiar

Fast årleg godtgjering omfattar førebuing til, gjennomføring og oppfølging av styremøter, deltaking i andre møter, konferansar m.m. på vegne av eller som gjeld Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Summen vert fastsett til 60 % av godtgjering til leiar i hovudval i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Fast sum til dekking av utgifter til telefoni/breiband.

Styremedlemmer

Møtegodtgjering pr. møte. Tap arbeidsforteneste. Vederlag for utgifter.

Styreleiar/styremedlemmer:

Statens satsar vert lagt til grunn for godtgjering av reiser og diett.

2) Satsar pr. 01.01.2014:

Fast godtgjering til styreleiar (60% av leiar hovudutval SFJ)	kr.	106.200,-
Dekking av telefon/breiband (styreleiar)	kr.	4.887,-
Godtgjering pr. møte til styremedlemmer	kr.	860,-
Tap arbeidsforteneste: Legitimert tap inntil:	kr.	3.060,-
Ulegitimert tap inntil:	kr.	1.635,-
Vederlag for påførte legitimerede utgifter inntil:	kr.	2.360,-
Vederlag for påførte ulegitimerte utgifter inntil:	kr.	1.285,-

3) Regulering kvart år pr. 1. januar

Regulering av godtgjering og vederlag i tråd med årslønsveksten i det fylkeskommunale tariffområdet, og vert betalt etterskotsvis med verknad pr. 1. januar inneverande år.

Vedtak:

Framlagt forslag frå valnemnda om godtgjering til stiftingsstyret vert samrøystes vedtatt med kommentarar og innspel frå rådsmøtet.

Samrøystes

MUSEA I SOGN OG FJORDANE

SAK 8/2015 Val etter vedtektene

Val av medlemmer til stiftingsstyret

Ivar Svensøy presenterte valnemnda sitt forslag med tilleggsopplysningar om kvar enkelt. Valnemnda la fram følgjande forslag på styremedlem varamedlem til Stiftinga MiSF:

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Hanne Ofstedal vert vald som nytt styremedlem i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Anders Ryssdal vert vald som ny varamedlem i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Funksjonstid er 4 år.

Vedtak:

Hanne Ofstedal vert vald som nytt styremedlem i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Anders Ryssdal vert vald som ny varamedlem i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Funksjonstid er 4 år.

Samrøystes

Val av valnemnd

Ola Tarjei Kroken og Ivar Svensøy vart vald inn i valnemnda i 2012. Ola Tarjei Kroken har informert valnemnda om at han går ut av nemnda. Ivar Svensøy stiller seg til disposisjon i eit år for at valnemnda sin funksjon skal vere i samsvar med gjeldande vedtekter.

Framlegg:

Aud Marit Skarrebo Holmen fremma forslag på Hans Jakob Reite som nytt medlem i valnemnda med funksjonstid på tre år. Etter drøftingar i rådet kom det forslag om Ivar Svensøy som medlem i valnemnda med funksjonstid på eit år

Vedtak:

Hans Jakob Reite som nytt medlem i valnemnda med funksjonstid på tre år

Ivar Svensøy som medlem i valnemnda med funksjonstid på eit år

Samrøystes

Leikanger, 10. juni 2015


Margunn Masdal


Jarle Aarvoll

